



## KOMMUNEREFORMA

# Har trua på Midt-Telemark

**Rådet frå seniorgruppa er tydeleg: På sikt vil ei samanslåing av Bø, Sauherad og Nome vere best for alle partar.**

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tf 906 38 453

Bø blad inviterte Bø elderåd, Midt-Telemark Seniorlæring og Pensjonistlaget til høgttenking om korleis dei eldre ser på ei samanslåing av kommunane i Midt-Telemark. Eldrerådet stilte med leiar Anne Løhaugen og medlem Anne Grete Berge, frå seniorlæringa kom ny leiar Aslak Gunnheim. Pensjonistlaget takka nei til ein prat med grunngeving i at saka ikkje var hand-sama i styret.

## Godt tenestetilbod

Trioen som kom er heilt samde om at saka er vel så viktig for dei yngre som for dei eldre, men at det kokar ned til at det er framtidas teneste- og servicetilbod for alle bebuarane i dei tre kommunane det handlar om.

– Det som betyr noko for folk er at kommunane sine tenester fungerer godt. Ei samanslåing må føre til innsparing som medfører at tenestetilbodet blir enda betre, både for unge og eldre, seier Aslak Gunnheim.

Han har hatt sans for ei Lifjell-rundt-løysing, men har også trua på ein Midt-Telemark-kommune. Helst ville han hatt Seljord med på laget. Han meiner at Bø og Sauherad gav seg for lett i høve å ha Seljord med på laget.

Anne Løhaugen peikar på at mange ønskjer seg eit servicetilbod der dei bur.

– Eldreomsorga er like viktig for



**Trur det blir bra.** Aslak Gunnheim (f.v.) i Midt-Telemark Seniorlæring, og Anne Løhaugen og Anne Grete Berge i Bø elderåd trur ein ny Midt-Telemarkkommune er til det beste for framtida.

dei pårørende slik at avstandane ikkje blir for store når ein skal på besøk til dei eldre, seier ho.

Trioen trekkjer også fram fordelar med ein større kommune med høgare kompetanse og større fagmiljø innan fleire etatar.

– Mange etatar er sårbare med så få menneske som i dag, meiner Anne Grete Berge.

## Naturleg region

Dei tre ser det heilt naturleg at dei tre kommunane i Midt-Telemark utvidar eit allereie om-

fattande samarbeid og slår seg saman.

– Da kan me leggje ned Midt-Telemarkrådet, seier Gunnheim, og ser eit potensiale for innsparing og mindre administrasjon.

Han trur også at ein region med tre-fire kommunar er betre enn ein med berre to kommunar som slår seg saman. Det meiner han vil gje eit lettare samarbeidsklima.

## Satse på same hest

Anne Grete Berge oppmodar

kommunane i det vidare arbeidet å sjå heilskapen og kva som er best for framtida ved ei samanslåing av tre kommunar.

– Om ein vil dette må ikkje kvar kommune krangle for å karre til seg posisjonar. Den store og viktige jobben kjem etterpå når ei samanslåing er avgjort. Alle kan ikkje ri sin hest og me må halde oss for gode til å krangle om ting. Eg trur det kjem til å bli bra om alle vil dette, men eit godt samarbeid må til, seier ho.

– Eg trur det blir bra om alle

partar verkeleg vil og blir med. Det er heller inga krise om ein av kommunane vedtek å ikkje bli med nå. Det er ikkje farleg om ein må starte på nytt og bruke meir tid på å få til ein kommune for framtida, seier Løhaugen.

## Kvinner og yngre mest for samanslåing

**Det er ei lita overvekt av kvinner og unge under 30 år i gruppa som ønskjer kommunesamanslåing i Midt-Telemark. Skepsisen aukar med alderen.**

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tf 906 38 453

Meiningsmålinga om samanslåing av kommunane Bø, Sauherad og Nome i regi av lokalavisene Bø blad og Kanalen viser at det er noko forskjell i svara når ein ser på kjønn og alder.

## Kvinner positive

Det er ein liten trend både i Bø og Sauherad at kvinner er meir positive til samanslåing av kom-

munane enn menn. I Nome er det motsett med tydeleg overvekt fleire menn som ønskjer ein storkommune i Midt-Telemark.

## Trend blant unge

Når det gjeld forskjellane i dei ulike aldersgruppene er trendane meir tydelege. Både i Bø og Sauherad finn ein størst andel av dei som er for ei samanslåing i

aldersgruppa under 30 år. I Bø minkar prosent-andelen av dei som er for frå 49 prosent blant dei under 30 år til 38 prosent til dei som er over 60 år. I Sauherad seier heile 76 prosent av dei under 30 år ja til ein Midt-Telemarkkommune.

Tilsvarande ser ein at motstanden mot kommunesamanslåing aukar med alder.

## Nome skil seg ut

Også når det gjeld alder har befolkninga i Nome heilt motsett syn enn naboane sine i Bø og Sauherad. I Nome aukar andelen av dei som er for samanslåing med alderen.